

Frå:

-Åse og Magnar Sæbø

Lurevegen 863

5912 Seim

Gards- og bruksnummer: 64-19

Mobil Magnar: 95472913

Mail Magnar: [magsabo@online.no](mailto:magsabo@online.no)

-Nina Jenny og Bjarte Monstad

Lurevegen 850

5912 Seim

Gards- og bruksnummer: 64-7

Mobil Bjarte: 97034488

Mail Bjarte: [bjartemonstad@outlook.com](mailto:bjartemonstad@outlook.com)

Myksvoll, 8.april 2018.

Til

-Lindås kommune

v/Ole Jakob Aarland

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Mail: [oja@lindas.kommune.no](mailto:oja@lindas.kommune.no)

## Spørsmål til fordeling av offentlege midlar til utbygging av breiband på Myksvoll

For omtrent ein måned sidan kom det seljarar på oppdrag frå Nettstad for å tilby å signere avtale om breiband ... på Myksvoll til kr 6990.- I prinsippet er me glade for at breibandet vert utbetra, og samstundes stiller me oss undrande til at dei nærmaste naboane våre får det same tilbodet heilt gratis. Kvifor er fordelinga så forskjellig? Korleis heng denne forskjellsbehandlinga saman?

Me synes grensa Lindås kommune har satt i denne saka er uforståeleg. Berre to av husstandane på Myksvoll er ikkje integrert i kartet som får breiband gratis. Me er begge ein del av Myksvoll, og f.eks går den gamle skulegrensa like innom dei to bruka me bur på. For oss som er utanfor gratissona på kartet som viser breibandsutbygginga for Myksvoll, er dette urimeleg. Me ønskjer sjølvstø å få tilbod om gratis utbygging av breiband, på lik linje med dei nære naboane våre, og håpar Lindås kommune innvilgar det for våre to husstandar. Det er også eit alternativ at alle betaler litt, slik den tradisjonelle kommunepolitikken i fordeling av offentlege midlar er basert på, og som også heile vår velferdsstat er tufta på.

Seljarane som har vore på husene våre har vore imøtekomande, men har ikkje gjeve oss gode svar på kvifor fordelinga er som den er. Imidlertid har det blitt poengtert at det er viktig at mange i bygda melder interessa si snarast, slik at utbygginga faktisk kan kome i gong. Er det ikkje naturleg at Lindås kommune hadde orientert heile bygda i forkant, f.eks via mail, lokalavisene eller fellesmøte på grendahuset?

I følge Nettstad har me fått bekrefte at så sant avtalen er signert innan utgangen av april 2018, er det tidleg nok til å knytte seg opp foreståande utbygging av breibandet.

Summen av denne henvendelsen er at me gjerne vil få same tilbod som naboane våre på Myksvoll, altså gratis utbygging av breiband. Om det ikkje let seg gjere forventar me gode grunngjevne svar på kvifor fordelinga er så urettmessig at me må betale kr 6990 meir enn våre nærmaste naboar.

Me håpar på snarlegt og positivt svar!

Med helsing frå

Åse og Magnar Sæbø

Nina Jenny og Bjarte Monstad